



Vidar Akselsen (dagleg leiar for THK) og Tormod Myklebust var svært nøgde med responsen i Uskedalen i februar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er tida inne for å sjå kva ein har av reine og heile klede som ein kan unnvera, for laurdag føremiddag kjem semitraileren frå den kristne stiftinga THK (tru, håp og kjærleik) på Karmøy også til Uskedalen.

Denne gongen stoppar bilen i timen frå 12.30 til 13.30 for opplasting ved Gamleskulen .



Då Tormod Myklebust kørde til Ukraina med semitraileren første gongen var han saman med Karl N. Persson.

Det er fire stoppesteder i Kvinnherad denne gongen. Bilen stopper først i Rosendal (11-12), deretter i Uskedalen, så på Husnes (14.30-15.30) og til slutt i Sæbøvik (16-17). Som i fjor ber THK om 50 kroner pr. sekk i transportstøtte. Bilen skal til Ukraina med last før jul.

Respsen frå uskedelingane var svært stor i februar i år, då vart 400 sekkar samla i semitraileren her. Det er klede, sengetøy, sko og også leikar som kan sendast austover og alt kan pakkast i vanlege svarte plastposar - gjerne doble slike hvis det er skarpe gjenstandar med. Skoa treng ikkje å vera av nokon bestemt storleik.

Den maksimale kapasiteten til bilen er i overkant av 1.000 sekkar og målet er Korosten/Kiev-området. Interesse for innsamlinga er tydelegvis svært stor i Kvinnherad. Lokal eldsjel bak tiltaket, uskedelingen Tormod Myklebust, ser ikkje bort ifrå at det kan bli aktuelt å stilla med ein reservebil hvis det blir behov. Sjølv har han til no vore sjåfør på tre hjelpesendingar til Ukraina og reknar med at han får ein ny tur til våren.

Tormod har hatt kontakt med ein sjåfør som nyleg har vore med ei sending til Shotska som ligg nordøst for Kiev. Der var tilhøva enda verre enn i Korosten-området, som er det vanlege målet for THK. I tillegg til fattigdommen var dei også hardt råka av svineinfluensaen.

Tormod kan ellers opplysa at barnehagen på Sunde vil laga julegåver og senda med bilen austover.
- Eitt fantastisk flott tiltak, seier Tormod.

THK sender 30.000 sekkar eller 30 trailarlass i året til dei fattigaste av dei fattige og dei fleste sendingane har Korosten i Ukraina som mål. Der blir dei lasta av i lageret på Bibelskolen og ligg der til alle papir er i orden. Så blir dei delt ut via ymse organisasjonar til dei som treng det mest. Stiftinga forsikrar at sendingane kjem til "rett adresse".

Av Ola Matti Mathisen